

# *Idrettslaget Nansen*



16 januar 1948.

Små glimt frå lagets virke gjennom femti år  
ved Per M. Nordvang.



## PER M. NORDVANG som skipa Nansen idrettslag.

Per M. Nordvang er født 2 september 1875 på den gamle kjente gården Utistuen i Dalsbygda.

Han kom tidlig med i forskjellige lag og foreninger i bygda. Han var formann både i Dalsbygda u.l og Dalsbygda Skytterlag i en årrekke.

Vinteren 1897—98 gikk han Sogndal Folkehøgskule i Sogn ved Bergen. Han var da 22 år gamal. I januar 1898 mens han

var heime kom han i tankane på å stifte eit idrettslag i Dalsbygda.

Han hadde samlet ca. 30 ungdomer til eit møte i lokalet Gladheim 16 januar 1898 og same dag blei og laget stifta.

Idrettslaget har vokse frå år til år og i dag er Nansen idrettslag det største lag (forening) i Dalsbygda.

I dette arbeidsår har og Nansen Idrettslag det største antall medlemmer i lagets historie.



Desse har vore formenn i idrottslaget  
Nansen i 50 åra:

1. Per M. Nordvang
  2. Tore Vangsgjelten
  3. Per Ousten
  4. Nils Vangsgjelten
  5. Edvard Ryen
  6. Oliver Nordvang
  7. Fr. Gjelten
  8. Martin Bakos
  9. Nils Utheim
  10. Petter Østgård
  11. Per Trøen
  12. Tore Vangsgraven
  13. M. J. Rygjelten
  14. Asbjørn Hornseth
  15. Reidar Aamo
  16. Lars Jordet
  17. Tore P. Smedås
  18. Bjarne Haugsgjelten
  19. M. A. Utstumo
  20. Ola Øverhaug
  21. Kasper Berg
  22. Georg Nyhaug
  23. Ola Normann Bakken
  24. Per Østgård
  25. Rolf Johnsen
  26. Agnar Østgård
  27. Ola P. Ousten
  28. P. M. Grue
  29. Ola Stengel formann i jubileumsåret.
-



— Om dei dreiv med idrott i bygdom her i gamle dagar? Nokor organisert idrottsøving var det nok ikkje. Men når ungdomen møttes — og det var no helst helgedagskveldane — dreiv dei med leik og kroppsovingar som t. d. hopp over grinder og skigarder, kappkuting, tunge løft, spende rævkrok, drog fingerkrok og tok ryggetak. Det siste var nok så ålment og her skilde snart dei sterkaste seg ut og vart frikarer.

Alle unge karer ville vera «gokarer». Og fekk den unge karen ein dram eller to i toppen — som ofte hende i brylluper — kunne fjellbygdvikingen fare i han og han kunne bli meir enn vanleg sprek og spretten, serleg da når fela låt og polsdansen tok til. Da vart der mange mjuke, leduge og spreke kast. Polsdansen var på mange vis ei herleg oppmykjing av kroppen — den beste krops-gymnastikk for den unge guten og gjenta — ei spellevande kropsøving i herleg takt, feleklang og mjuk danserytme.

Det friske, hardbalne livet i fjell, skog og mark var ellers den beste kropsøving ungguten kunne få, her var det røynetak nok. I skogskjøringa og mosekjøringa

vinteren, på slåttarbeid somaren, på rypefangst vinteren frammed fjellbandet både i snøstorm og slitarføre — og likeså ofte i solglitrande silkeføre som alltid gav fjellguten meirsmak på fjellivet. Ein var nødd til å bli både sterk, frisk og helsug. om ein tolde dette.

Skia åt nord-østerdølen var langskia. Somme her har kalla dei Budalsski og — vel avdi at dei vart gjort i Budalen. Budølene var flinke til å gjera langski, som dei selde på Rørosmartnaen. Ellers var det nok ålment her i bygda og at mange lærde seg skimakarkonsta og gjorde seg sjølvbergande. Det var kanskje største kunsta å verka emnesbjørka til så ho vart både godt krympa og vart seig, mjuk og sterk. Når så skia vart baksta godt med kjurru (tjære) vart dei sterke og uslitelege. Ein tappa hol midt på skia og sette i eit dubbelt vidjeband. Og halvlabben som hadde ein serskild maksel heldt foten støtt i «tåvia» utan serskild bindsel. Det var snøgt å smette foten både inn og ut når ein for og stelte med snorgardane — og den lange, seige bjørkstaven med jarnpigg og trinse var god å sette seg skrevs på når ein måtte



stupe seg utover ein bratt fonn-skavl i fjellet likesom ein skuvde seg fort fram med den i lange, seige tak.

Østerdølen i dag flirer sikkert breidt åt dette skiutstyret. Det er heller ikkje sikkert anna, enn at dølen 50 år heretter flirer like godt åt skiutstyret dei har i dag.

Det var først i 90 åra vi fekk den stutte breidskia opp i bygd-om her og på stutt tid skuvde den østerdalske langskia bort. Løiten ski kalla vi dei. Dei var lette og breide og hadde sin store føremon i hoppbakken og frå den tid tok det til å gå frametter med skihoppinga i bygda.

Det var ein og annan av ungdomtane som hadde gått amtskula i Storelvdalen først på 90 åra og der set dei likaste storelvdølene m. a. Sigurd Trønnes (som da i åra frametter vann seg namnet «Østerdalens skikonge») i hoppbakken og som tok etter når dei kom heim att. Det vart no i åra frametter skipa til nokre hopprenn i ymse bakker.

Idrottslaget «Nansen» vart skipa av Dalsbygda ungdomslag på eit møte i Gladheim den 16 januar 1898. Lover vart vedtekne og styre vald. Lovene fastsette, at der skal vera to medlemmer og to varamenn i styret. Det første

styret vart: Per M. Nordvang, formann og Per I. Ryen, kassarar. Og til varamenn Ola Presthagen og Ola Grue.

Da dette var i dei åra at Nansenrusen gjekk som sterkast over bygdene her, er det berre naturleg at laget fekk namnet «Nansen».

Laget skipa til det første langrennet (eit turrenn) frå Osholmen i Sætersjøen til Gladheim den 27 mars samme året. Løyppa var vel om lag 7—8 km. 12 var med. Desse var: Erik Grue, Per Nordvang, Per Ryen, Per Grue, Ola J. Grue, Simen P. Grue, Ingj. Strypet, Per Ousten, Bernt Nyhaug, Ola Nordvang, T. Vangsgjelten Oliver Nordvang som var yngste deltaker, bare 16 år gamal

Bestemann vart underoffisers-elev Erik Grue tid 32 min. 15 sek. Nr. 2 Per Nordvang 34 min. 45 sek., nr. 3 Per Ryen 35 min. 30 sek., nr. 4 Per Grue 36 min., nr. 5 Ola Grue 36 min. 15 sek., nr. 6. Simen Grue 36 min. 15 sek.

Det var eit renn for gjenter samme dagen. Likeså hopprenn om kvelden der desse etter tur fekk premie: Eldre: Per Ousten, Per Ryen, Tore Vangsgjelten, Per Nordvang og Oliver Nordvang. Yngre: Nils Vangsgjelten, Fr. Gjeltten og Erik Johaug.



Formann for laget i 1899 var Tore Vangsgjelten.

Laget skipa dette året til eit turrenn frå Røros til Brennbakken i Dalsbygda den 24 februar. Det var på heimturen frå Røros-martna. Løypa var målt på oppturen dagen før og var 17 km. Det var 13 med i rennet. Da tidene var sers gode kjem dei her:

Nr. 1 Per Nordvang 1 t. 22 m. 30 s., 2. Per Trøan 1 t. 27 m. 30 s. nr. 3. H. Moseng 1 t. 27 m. 32 s. 4. Per P. Grue 1 t. 28 m. 30 s. 5. Edv. Ryen 1 t. 30 m. 45 s., 6. Per Ryen 1 t. 32 m. 45 s.

Ola Aasa, 74 år gamal, gjekk og løypa og fekk i premie ein halv rull tobakk.

Laget hadde no i åra framover mange gode lovande emner for langrenn. Eg nemner m. a. karane frå Ryen, Gruen, Grubban, Per Trøan, H. Moseng ein liten tett, god knab som vart ein god komb.rennar og seinare gjekk over til Nor idr.lag, Os. Og av dei yngre m. a. Nils Vangsgjelten Mikkel Flaten, Per E. Berg m. fl.

Men skiutstyr og bindinger var primitive. For det meste heimegjorde bjørkski eller kjøpte Løten ski for det meste. Og nokor trening etter system og tabell som no ikkje å snakke om.

I 1899 fekk laget tak i eit par apparater for gymnastikk, som vart oppsette ved Gladheim. Og som instruktør under øvingane i apparatene vart Thoralf Grue vald.

Formannen Tore Vangsgjelten døde i 1900 og Per Ousten vart formann etter han.

Laget hadde 31 mars samme vinteren eit morosamt turrenn frå Spelmovolden i Sättåhaugen til Gladheim. Løypa var ca. 22 km men sers lett og lite krevande. Det var rett ein morosamtur. Herom skriv Per Ousten i møteboka:

«Fredagskvelden strauk me då nordover. Me overnatta på Ingulf Nymoens seter. Her var det nok ei riktig huskestue om natta. Per Trøan oppvarta med kjente salmar og lystige stubber. Me kokte kaffe og talgegraut, åt og drakk så vi var riktig ør i øvste etasje då me skulde drage i veg heimover laurdagsmorgen. 9 st. deltok:

1 pr. fekk Per Nordvang tid 1 t. 32 m. 40 s., 2. pr. Simen P. Grue 1 t. 38 m. 43 s., 3. pr. Per Trøan 1 t. 40 m. 5 s., 4. pr. Ingulf Østgård 1 t. 40 m. 35 s.»

Per Trøan gjekk rennet med 7 ryper i sekken.



Interessa kom no framover til å samle seg meir om hopprenn. Men laget hadde ingen skikkeleg skibakke. Det var tri bakkar som laget skiftevis brukte. Det var Mælbakken, Nordgardsgjeltbakken og Trøbakken. Men ingen av dei høvde. Det vart for høge og tunge luftsvev om ein skulle rekke ei skikkeleg hopplengde. Men interessa for hoppinga var levande — serleg millom dei yngre. Millom dei eldre var det og mange gode hoppbarer. Eg nemner Per Østgårdseggen, Per Ousten, Per Trøan og Per Ryen. Av dei yngre Fr. Gjeltten, Ingulf og Petter Østgård, Nils Vangsgjeltten m. fl. Av dei yngre vil eg serleg nemna Ingulf Østgård som ein sers djerv, og kraftig stilhoppbar. Han hadde eit par heimegjorde, tunge og breie hoppski som var laga av råbjørk og godt innsette med råkjuru (tjære). I Trøbakka gjorde han på dei skia fleire hopp på vel 25 m. Med den profil som denne bakken har vart dette sers høge og tunge luftsvev. Men Ingulf stod som ein stolpe. Han reiste til Amerika. Og laget misste denne gode hoppbaren. Per Ousten var og overlåg dristig som skihoppbar. Han laga seg eit skihopp tett fram for

Ytre-Ousten litt opp for Øvre Dalsbygdveg og tok fart opp i bratte Heyersvollen og stod hoppet fleire gonger, han er den einaste som har prøvd dette «eksperimentet». Eg tykte det var dristigt. Sjå på det når du fer framom!

Laget meldte seg inn i «Centralforeningen for idrett» i 1901.

I lagets langrenn, ca. 15 km det året fekk Nils Vangsgjeltten 1. pr. på tid 1 t. 19 min. 5 sek. og Mikkel Flaten 2. pr. Tid 1 t. 26 min. 10 sekunder.

I lagets langrenn 1902 ca. 14 km fekk Edv. Ryen 1. pr. tid 1 t. 18 min. og Mikkel Flaten 2. pr. tid 1 t. 22 min. 25 sekunder.

Laget hadde i 1903 atter eit turrenn frå Mastukåsen til Brattåsen. 9 st. var med. Bestemann Nils Vangsgjeltten brukte 56 min. på løypa og dei andre tett etter.

I lagets langrenn i 1904, 17 km vart Edv. Ryen nr. 1 med tid 1 t. 38 m. 55 s. og Nils Vangsgjeltten nr. 2. med tid 1 t. 41 m. 53 sek.

I 1904 i august hadde laget ein fin tur til Forellshogna.

I 1905 vart Edv. Ryen nr. 1 i lagets langrenn og Fr. Gjeltten nr. 2. I komb. fekk Fr. Gjeltten 1. pr. og Halstein Moseng 2. pr. Utflukt til Setersjøen.



I 1906 vart Mikkel Flaten nr. 1 i lagets langrenn og Fr. Gjelten nr. 2.

Laget hadde i åra frametter årvisse renn, men i møteboka klager formennene over at det vert ferre som vil vera med no og det ser ut som hugen til å drive idrott har kolna noko. Laget har no jamnt små utflukter både hit og dit og det er støtt mange med der.

I premieskirennnet for 1910 merkar eg meg at det i 3 kl. av smågutane er ein Olav Aamo som har teke 1. pr. og ei ekstra-premie, begge i hopp. Olaf Aamo reiste ut og vart stiger på Løkken verk. Som medlem av skilaget der på Løkken har han gjennom åra teke mange pr. i hopp i renn utover landet og han minnes og er kry av denne første skipremia si som han vann som smågut i «Nansen».

I 1911 kjøper laget eit kastespyd, ei støtkule og eit apparat for høgdesprang. Det er også mykje dividering om å kjøpe ein fotball, men laget tykkjer ikkje det har råd til det. Det er lite i kassa. Laget tok også om somaren samme året til med øvingar i friidrott under instruksjon av formannen Petter Østgård.

I møteboka for 1913 klager formannen Petter Østgård over at interessa for laget går tilbake, men, sier han, «jeg vil vone at laget litt om senn sig fram igjen så det kan stå der hvor det stod for 15 år siden i hvert fall. Og så ønskes det nye styre «til lukke».

Det var vel så at dei gamle etter kvart hadde gått trøtte, men det kjem støtt nye krefter til og er med i renna, som framleis årvisst blir halde. Olaf Aamo viser seg å vera ein janun 1. premie vinnar no nokre år frametter. I 1913 tek han 1. pr. i kombinert renn, og broren Reidar Aamo 1. pr. likeså i kombinert i si klasse.

I 1913 trilla fotballen inn i laget. Laget skipa da to fotballklubber. Laget skipa også til tevling i spydkast, kulestøt, høgdesprang, lengdesprang, tresteg og hurtigløp. I spydkast vart Olaf Aamo best, i kulestøt Peter Nygård, i høgde og lengdesprang Harald Aamo, i tresteg og hurtigløp Olaf Aamo. Laget sende to, nemleg Olaf Aamo og Soland Akerbakken på eit idrottskurs i Ytre Rendal.

I 1913 fekk laget ei morosam og gild gåve frå Nils Larsen Krog, Røros. Det var ei gammal



rørosisk skiluve. Skilaga i Røros og Alen hadde før fått kvar si.

I 1915 tek Olaf Aamo atter 1. pr. i komb. renn og Lars Langeggen 2. pr.

Samme året sette bygdegjentene opp ei vandreprenie som Paul Østgård tok det nappet i dette året og M. J. Rygjelten det neste år.

I 1918 sender laget Asbjørn Hornset til distriktsrennet på Røros, men han nådde ikkje opp i premie. Samme året hadde laget tevling i friidrett, 100 m løp vann Reidar Aamo, lengdesprang M. Lillehaug, høgdesprang Ola Aamo og tresteg M. Lillehaug.

I 1919 fekk fotballklubben ei get styre men skal stå som serlag i idrettslaget. Likeså vart der vald eit serskilt friidrettsutval. Samme året tek Helmer Teigen et napp i vandrepokalen.

I 1920 tek Ingvald Ryen vandreprenie og Lars Langeggen skimesterskapets vandrepokal. Laget fær no i åra frametter ein flink kombinert rennar i Ingvald Ryen. Ola Aamo syner seg også å vera ein jamn og sterk langrennar. Laget hadde no eit par år brukt ein ny skibakke Åsenkollen

I 1921 tek laget opp arbeidet for å få til ein ny skibakke. Det

er «Nonsåsen» som kjem på tale.

Det vart vald ei nemnd som skulle sjå på bakken, tale med grunneigarane om vilkår for å få råvælde over skibakken m. m. Her til valde laget: Reidar Aamo, Paul Østgård og Ola Aamo. To frå skikretsen, nemleg form. S. Tolgensbakken og Amund Erlien var oppover og såg på bakken og tykte den skulle høve framifrå. Laget kjøpte i 1921 grunnen til skibakke i Nonsåsen og gjekk i gang med å rydde og sette bakken i stand. Kjøpesummen for skoggrunnen var 50 kroner (1.5 mål). O. E. Alen frå Røros har målt opp og nivellert bakken og laga kart og kostnadsoverslag. Kopi av dette saman med søknad om 1500 kroner i statsbidrag til å sette bakken i stand vart send til Norges Landsforbund for idrett. Rekneskapen for 1923 viser at lagets kasse da har eit overskott på kr. 599.72. Laget har dette året som gave frå Distriktslaget fått eit kastespjot, ei kule og ein diskos.

Laget fekk i 1924 300 kroner i statsbidrag til bakken og 200 kroner til samme av Fearnleys fond. Til saman 500 kroner. Laget søkte om 1500 kroner. Kostnadsoverslaget var 3050 kroner.



rørosisk skiluve. Skilaga i Røros og Ålen hadde før fått kvar si.

I 1915 tek Olaf Aamo atter 1. pr. i komb. renn og Lars Langeggen 2. pr.

Samme året sette bygdagjentene opp ei vandrepreni som Paul Østgård tok det nappet i dette året og M. J. Rygjelten det neste år.

I 1918 sender laget Asbjørn Hornset til distriktsrennet på Røros, men han nådde ikkje opp i premie. Samme året hadde laget tevling i friidrett, 100 m løp vann Reidar Aamo, lengdesprang M. Lillehaug, høgdesprang Ola Aamo og tresteg M. Lillehaug.

I 1919 fekk fotballklubben eget styre men skal stå som serslag i idrettslaget. Likeså vart der vald eit serskilt friidrettsutval. Samme året tek Helmer Teigen et napp i vandrepokalen.

I 1920 tek Ingvald Ryen vandreprenie og Lars Langeggen skimesterskapets vandrepokal. Laget fær no i åra frametter ein flink kombinert rennar i Ingvald Ryen. Ola Aamo syner seg også å vera ein jamn og sterk langrennar. Laget hadde no eit par år brukt ein ny skibakke Åsenkollen

I 1921 tek laget opp arbeidet for å få til ein ny skibakke. Det

er «Nonsåsen» som kjem på tale. Det vart vald ei nemnd som skulle sjå på bakken, tale med grunneigarane om vilkår for å få rådvelde over skibakken m. m. Her til valde laget: Reidar Aamo, Paul Østgård og Ola Aamo. To frå skikretsen, nemleg form. S. Tolgensbakken og Amund Erlien var oppover og såg på bakken og tykte den skulle høve framifrå. Laget kjøpte i 1921 grunnen til skibakke i Nonsåsen og gjekk i gang med å rydde og sette bakken i stand. Kjøpesummen for skoggrunnen var 50 kroner (1.5 mål). O. E. Ålen frå Røros har målt opp og nivellert bakken og laga kart og kostnadsoverslag. Kopi av dette saman med søknad om 1500 kroner i statsbidrag til å sette bakken i stand vart send til Norges Landsforbund for idrett. Rekneskapen for 1923 viser at lagetts kasse da har eit overskott på kr. 599.72. Laget har dette året som gave frå Distriktslaget fått eit kastespjot, ei kule og ein diskos.

Laget fekk i 1924 300 kroner i statsbidrag til bakken og 200 kroner til samme av Fearnleys fond. Til saman 500 kroner. Laget søkte om 1500 kroner. Kostnadsoverslaget var 3050 kroner.



Laget la dette året ned mykje arbeid på å sette bakken i stand.

Det vart det året utført 73 friviljuge dagsverk på skibakken og 43 dagsverk for betaling. Men det står enno igjen mykje arbeid før bakken kan bli fullt brukbar. Laget held fram i 1925 med arbeidet i skibakken. Alt arbeid utført av laget på bakken til da er verdsatt til 1800 kroner. Laget søker på nytt om 500 kroner i statsbidrag til bakken. Eldre løperes vandrepr. i hopp for yngste klasse vart dette året vunnet av Eilif Aamo.

22 mars dette året hadde laget eit større konkurranserenn i hopp og hadde bede inn alle laga i kretsen. Til dette rennet var det meldt inn i alt 56 løpere. I frå dette året kan ein peike på at det no går framover med skihoppinga i Nord-Østerdal. Laget vedtek dette året nye lover som vart send Hedmark Distriktslag for idrett til godkjenning.

Årsmeldinga for 1926 viser også eit godt arbeidsår for laget. Det går framover. Årsmeldinga for 1926 viser det samme. Laget sendte dette året Ingvald Ryen til Landsrennet i Elverum. Han kom att med 6. pr. i 30 km, og 4. pr. i komb renn kl. B. Dette

var dei første premiane ein løper frå Nansen tok i landsrenn. Same året tok også løpere frå laget ein 1. pr. i kretsrenn kl. A komb. og ei 1. pr. i kl. A komb. i konkurranserenn samt fleire andre premiar. Laget har i året hatt tevling i 5-kamp. Det vart Eilif Aamo som vart 5-kamp-meister i laget. Av andre ting som laget har ordna dette året var kjøpekontrakt på skibakken samt deling og tinglysing av papirene.

Året 1927 var og eit bra år for laget. Det var første gonga at laget sende ein skikar til tevling i landsrenn. Ingvald Ryen var med i hovedlandsrennet på Lillehammer og tok 5. pr. i kl. B komb. I 30 km vart han nr. 36. I Holmenkollen vart han nr. 12 i 17 km men datt i hoppet og nådde ikkje pr. På konkurranse- renn i Alen tok Eilif Aamo 2 pr. i hopp og i konkurranserenn på Tølga tok Ole Nygjelten 5. pr. i langrenn og attpå gjekk 2 tredjepr. i hopp til laget. Laget hadde dette året også eit kretsrenn. Av 37 premiar som vart utdelt i rennet gjekk 11 pr. til Nansen. Av dei ei 1. pr. kl. A komb. til Ingvald Ryen. En 2., 4., 5. pr. komb. kl. B, 3. pr. kl. 4 hopp, 1. og 2. pr. kl. 5 og 2., 4. og 5. pr. kl. 6



og 6. pr. i langrenn. Ingvald Ryen vann dette året 5-kampen i friidrott. På søknad fekk laget dette året av Ekebergs fond idrottmateriell for 50 kroner. Laget har utført 23 dagsverk i friviljukt arbeid, men bakken er enno ikkje ferdig.

Rekneskapen over arbeidet på bakken viser ei utgift stor 2091 kroner, av dette er gjort gratisarbeid for 658 kroner.

1928. Laget kan feire 30 års jubileum. I høve av dette hadde laget eit premierenn med fest i Gladheim om kvelden. Femkampmeisterskapet vann Ingmar Ryen dette året.

I 1929 hadde laget atter eit turrenn frå Mastukåsen. 19 var med. I kretsrenn på Tolga var 7 mann med. 6 av dei kom heim med premie. Ingmar Ryen vart også dette året meister i femkamp.

I dei siste åra no frametter viser premielistene at laget har fleire jamne, gode rennarer. Det merkast serleg i langrenna, som t. d. Ola Aamo, Ingvald Ryen, Ole Nygjelten, Ola Normann Bakken m. fl. I hopprennet er framsteget serleg merkbart etter den nye skibakken i Nonsåsen vart teken i bruk. Laget fær no

etterkvart mange flinke hoppa-  
rer som i åra frametter hevder seg godt i tevlinger i heimebakken, men også i tevling i andre bygderenn er med og når resultat er til ære for heimelaget. I millom dei kombinerte skikarane er det serleg tri som ein ei tid har set konturane av — tydelegare år for år og som no frametter kjem til å merke seg ut som dei beste Nansen har hatt, nemleg Ingvald Ryen, Ola Normann Bakken og aller mest den minste av dei tri i kropsstorleik, Annar E. Ryen. Den første av dei hadde alt i nokre år vore med i tevling både i kretsrenn og hovedlandsrenn og gjort det bra. Fysisk set hadde han vel den beste idrottskropp av dei tri — om han hadde fylgd reglane for vitug bruk og trening av kropp og helse som alle idrottsmenn må passe på — hadde han sikkert kome mykje lenger enn han gjorde. Han hevde seg godt i tevlirgane han var med på til all æra for heimelaget Nansen, som visseleg takker han for det han har ytt. Dei andre to må eg koma attende til seinare i heftet.





ANNAR E. RYEN

Her ser vi Annar Ryen med sin flotte premiesamling. Alle premier er ikke med på bildet. Det var så mange at det blei ikke plass for alt.

På jakkeoppslaget hans ser vi Mesterskapsmedaljen og Holmenkollmedaljen.

Vi nevner en del av hans premier:

To premier med diplom tatt i Verdensmesterskapet i Chamonix, Frankrike, 1. og 12. pr. + 1 mesterskap, 1. pr. i Chup de Franch. Tre premier tatt, i Finnland 1. pr. i 50 km i Lahti, 1. pr. i 17 km Kuoopio, 5. pr. i 17 km Lahti.

Fem pr. i Sverige, derav 1. pr. i Verdensmesterskapet i Sollefteå. Ti premier fra Holmenkollrenn med diplom, derav fire 2. pr. en 3., en 4.

13 premier i Norgesmesterskap og Hovedlandsrenn, med diplomer, derav 1 mesterskap Raufoss 1940. 61 (enogseksti) pr. i landsrenn, distriktsrenn og kretsrenn.

Han har også mange premier i lagsrenn og turrenn.

Av den store premiesamling kan nevnes 54 pokaler og ca. 70 stk. teskjeer i sølv og en hel del andre skjeer i sølv + et flott radioapparat, — fat og boller.



På årsrennet i 1930 vart og Ingvald Ryen best med 3 min på nr. 2.

Eit serleg dristig og merksamt tiltak gjorde laget dette året med det, at det skipa til eit større midtsomarstemne i Åslia den 13. juli. Dagen kom med strålende solskin og høg stemning. Både Elias Gjeltten og Ivar Sæter heldt gilde taler og løfte stemminga høgt opp i tindrande somarsol. Eit hornmusikkorps frå Røross spela.

I 1931 fekk Nansen det andre kretsrennet som vart halde den 24. og 25. januar. Det var mykje folk møtt opp og stor spaning da karane starta i 17 km. Det var i alt 29 som gjekk den. Korleisville Nansengutan hevde seg i dette skarpskodde laget — var det store spursmålet for mange. Jau, dei greidde seg bra: Ingvald Ryen fekk dagens beste tid, Annar E. Ryen nr. 3 i tid, Oddmund Ryen vart nr. 6 i berre langrenn og Ingulf Østgård nr. 1 i kl. B kombinert.

Det var mykje folk i hoppbakken og mange brae hopp vart det gjort.

I komb. kl. A fekk Ingvald Ryen 1. pr. og Annar Ryen 2. pr. I komb. kl. B fekk Ingulf Øst-

gård 1. pr. I hopp 20—30 år fekk Kasper Berg 5. pr. I kl. 5 16—20 år fekk Ingvar Nordvang 2. pr. og i kl. 6 under 16 år fekk Leif Smedås 1. pr. Inge Østeng 4. pr., Håkon Berg 5. pr., Bj. Flaten 6. pr. og Inge Smedås 8. premie. Nansen tok også krets-pokal for beste 3-mannslag i komb. Laget hadde all ære av dagen.

I årsrennet at laget fekk Ingvald Ryen 1. pr. i komb. og Annar Ryen 2. pr. Oddmund Ryen 11. pr. i langrenn.

Før moro skyld eller beint fram kommers hadde laget dette året skipa til eit «landsrenn» med oppsett kongepokal og diverse annan stas. Rennet skulle vera for uøvde. Rennet var kombinert. Der var med i alt 15 «uøvde», og heile kommersen fekk stort bifall. Det var som ein gløtt inn i eit slags skisportivoli. Moral: Ein sunn og forfriskande lätt er helsesam for kroppen.

5-kampen; dette året ga dette resultat:

Desse vart best i: 100 m. Annar Ryen. Diskos Per Smedås. Spyd Hilmar Lysgård. Kulestøt Per Smedås. Lengdesprang Per Smedås. Høgdesprang Per Smed-



ås. 200 m: Annar Ryen 1500 m: Annar Ryen. Sluttresultat: Annar Ryen 5-kampmeister.

Laget hadde i 1932 bydd inn dei andre laga i kretsen til eit vårhopprenn. Der møtte skiløperne berre frå Røros, Vingelen og Nor, Os. I kl. 1. fekk Karl Rønning, Vingelen 1. pr., i kl. 2. H. Øvergård, Os, i kl. 3. fekk Leiv Smedås 1. pr.

I fem-kamptevlingane dette år vann desse dei einskilde øvingane: 100 m: Annar Ryen. Lengdesprang Ola Øverhaug. Kulestøt: Ola Øverhaug. Diskos Ingmar Ryen. Spydkast Ingmar Ryen. Tresteg: Ola Øverhaug. 1500 m: Annar Ryen. Resultatet vart at Ingmar Ryen vart fem-kampmeister.

Dei tri langrenn som laget hadde dette året — først eit pointsrenn, eit på 20 km og 30 km vann Annar Ryen. Laget hadde også dette året eit såkaldt landsrenn med tevling om kongepokal og mykje annan kommers.

I 2. av lagsrenna i 1933 sigra Jon Nyeggen stort over dei andre storrennarane.

Laget hadde også dette året eit av dei tradisjonelle turrenna frå Vangrøftdalen. Dei kallar det i møteboka for Birkebeiner-

løpet 26 mars 1933. Det var i alt 32 med. Det vart Annar Ryen som vann rennet, tid 50 m. 10 s. Nr. 2. Ingvald Ryen 53 m. 13 s.

Laget hadde dette året ein kombinert jubileums- og hyldningsfest for Annar Ryen som hadde gjort ein slik gild innsats i tevlingane i heile skisesongen, både her i landet og ikkje minst på Finlandsturen. Det var laget jubileumsår (35 års jubileum). Lærer Øyan heldt festtalen, Per M. Nordvang las ein prolog, Simen Simensen, Os takka på vegne av N. Ø. skikrets Annar Ryen for hans gjeve innsats heile skisesongen igjennom, frk. Dølgård ga Annar ein blomebukett, formannen i Nansen, Kasper Berg, takka Annar frå Nansen og ga han ei sølvskje som minnegåve frå laget, Petter Østgård heldt festtalen for jubilanten Nansen, Ja, vi elsker vart sunge og til sist fortalde Annar Ryen frå Finnlandsturen. Det var ein heilt igjennom koseleg og stilfull fest med høg bygdepatriotisk stemning.

Samme året, 2. juli, hadde laget fem-kamptevling og 3000 m løp. 5 lag var innbedne. I femkampen sigra Tormod Resell, Tynset, og i 3000 m-løpet vann



Eilif Olsen, Tolga med Annar Ryen på andrelassen.

Den 6 august var det pokalkamp i friidrott millom Nor, Os og Nansen. Det var tredje gonga det var tevling om pokalen. Det var med 16 mann, 10 fra Nor og 6 frå Nansen. Nor vann i tevlंगा og fekk dermed pokalen til eige.

Møteskrivaren i laget takkar for seg og slutter året med å skrive inn denne helsinga: «Til slut vil jeg ønske Idrettslaget «Nansen» alt godt i fremtiden og håpe det må fostre riktig mange gutter med Nansentoet i seg. **«For manndom, mot og norska menn fins i kaldsnobygda enn.»** Dette siste, som eg har streka under, er visst alle samde om.

Til dei tri pointsrenna som laget hadde i 1934 hadde Annar Ryen set opp eit par ski som premi. Ingvald Ryen vart bestemann og vann skia. 3 andre fekk og premie.

I lagets første langrenn i året fekk Annar Ryen beste tid med Ingmar Ryen som andremann. I turrennet frå Vangrøftdalen sigra i kl. 1 Ingvald Ryen, i kl. 2. Arnljot Nyås, i kl. 3. Åsmund Grue. 28 mann var med.

I årets lagsrenn fekk Ingmar

Ryen 1 pr. i langrenn, Ingvald Ryen 1. pr. i komb., Leif Smedås 1. pr. i hopp over 16 år og Inge Smedås 1. pr. i hopp under 16 år.

Kombinertpokalen vann Ingvald Ryen andre gonga og Tiedemanns gävepr. vann Ingmar Ryen første gonga. I turrennet frå Vangrøftdalen dette året stikk fram konturane av ein Nansenkar som dei siste åra har halde seg godt framme i teten i større renn innmed Oslo. Han bur no i Oslo. Han er syskjenbarn til Annar Ryen på morsia. Han ventar vi sikkert å høyre meir i frå. Det er Arnljot Nyås.

I pokaltevlinga millom Nor og Nansen dette året fekk Nor ein lett kjøpt siger.

Laget fekk i året 300 kroner til skibakken, men vilkåret var at det skulle gå til arbeidsledig ungdom.

I det første treningsrenn i 1935 sigra Arnljot Nyås med tid 1.16.30.

I lagets årsrenn fekk Arnljot Nyås beste tid av alle. 11 mann var med.

Laget hade kretsrenn 23 og 24 februar. Det gjekk dårleg for Nansenkara i langrennet. Einast Arnljot Nyås vart nr. 3 i anvendt tid men fekk 3 pr. i komb. kl. B.



I hopp 20—30 år fekk Ola Normann Bakken 1. pr. og Ola Østgård 2. pr. I hopp 16—20 år fekk Leiv Smedås 1. pr. Johan Bakken 3. pr., Per S. Grue 5. pr. og Inge Nyhaug 6. pr. Dr. Ridderseth vandrepokal for beste tremanns slag i komb. fekk Nansen ved Ingvald Ryen, Arnljot Nyås og Magne Nordvang.

I turrennet frå Vangrøftdalen sigra atter Arnljot Nyås. 27 mann var med.

I lagets årsrenn fekk desse 1. premiane: I langrenn Magne Utstumo. I komb. Arnljot Nyås. I hopp over 17 år Ola Normann Bakken. I hopp under 17 år Inge Smedås. Kombinertpokalen vann Arnljot Nyås.

Så var det pokalkampen mellom Nor og Nansen i friidrott. Nor vann også denne gonga, men det var og så vidt. Nor fekk 39 og Nansen 38 poeng.

Dertil var gutar frå Nansen med i konkurranserenn på Os, Tynset og Tolga og likeså i landsrennet på Røros og kom att derifrå med fleire premiar.

Annar Ryen var med på landsrennet i Molde og fekk 2. pr. i 17 km og 10. pr. i 30 km.

I uttakingsrenn for dei tyske meisterskap på ski Garmich Par-

tenkirchen vart han nr. 8 på 34 km. Dertil også nr. 1 i Hemings 30 km og nr. 3 i 30 km i Hakadal og nr. 3 i 30 km i Brumundal.

Så kjem vi til året 1936. Det er liksom det hævaste i saga at skilaget Nansen, mest da gjennom dei skibragdene som Annar Ryen bar heim med seg frå skitevlingane både her i landet og allermest hans gilde plasering under renna i Finnland. Vi gnista og spraka av eldhug både unge og gamle da for bragdene som gutane gjorde.

Her vart Annar Ryen første mann på femmila i Lahtis, som ingen nordmann før har greidd, nr. 5 i 17 km i samme renn og første mann i 17 km i Kuopio.

«Disse prestasjonene førte han til verdensry», skriv lagets formann i årsmeldinga. Og han tilføyer: «Hovudstadbladet skriver etter hans seier i det øyeblikk den norske nasjonalsangen blir spilt: «Den norske pojken står i givakt. Han er inte segraren i dette øgonblikk. Han er Østerdalen og Norges stolthet. Han er inte nogon storman. Det er en anspråkslös och enkel pojke». Men denne sigeren er sikkert



høgst av alle langrennsigiane Annar har vunne.

Attåt dette tok han 4. premie i Holmenkollens 50 km, 2. pr. i Kollens 17 km, 1. pr. i Stormyrrennets 17 km og 3. pr. i Trysilfentien.

Men det var også andre av Nansengutom som tok premier dette året. Leiv Smedås tok 17. pr. i hopp i hovedlandsrennet på Kongsvinger. I kretsrenn på Os fekk laget 3 annenpr., 2 tredjepr., 1 fjerdepr., 1 sjettepr., 1 sjuandepr. og 2 åttandepremier.

I 30 km på Røros tok laget 1 førstepr. I konkurranserenn på Tolga tok laget 1 førstepr., 1 annen, 1 femte og 1 sjuande pr.

På landsrennet i Alvdal tok laget 1 første og 1 sjuandepr. i 30 km, 1 annenpr. og 1 femtepr. i komb. samt ein annenpr. i hopp, I renn på Tynset 1 sjuandepr. I kretsrenn på Kvikne 3 annenpr. 1 tredje, 1 fjerde, 1 femte, 1 sjuandepr. og attåt Damenes pokal.

Det tradisjonelle Dalrennet sette rekord dette året. I alt 54 var med like frå 17 til 60 åringar. Laget hadde det året ein basar i påskedagene til inntekt for laget. Dei fekk inn 412 kroner som vart sett inn på bankbok. Laget fekk også oppsett ein ny

kontrakt med rettar m. a. for unnarennet i skibakken med første prioritet for 99 år rekna frå 1936 i garden Brattåsryen.

I 1937 var Annar Ryen med ved verdensmesterskapet på ski i Chamonix. Han var med i det norske stafetlaget som sigra. I 17 km vart han nr. 12.

5 mann frå laget var med i Gråkallen og fekk 8. pr. i 30 km, 4. pr. i komb. kl. A og 11. og 13. pr. i hopp. Videre kretsrenn på Tynset 2 annenpr. og 1 fjerdepr. Konkurranserenn på Tolga 1 fj. pr. i 30 km, 1 3., 1 4. og 1 5. pr. i hopp. Kretsrenn i Øvre Rendal 1 3. pr. i hopp. Landsrenn på Os 1 4. pr. i 30 km, 1 3. pr. i kl. A komb. og 1 5. pr. i kl. B. komb. 1 1. pr. i hopp. Ola Normann Bakken fekk Damenes pokal. Kretsrenn i Vingelen 1 7. pr. i langrenn, 1 komb. og hopp fekk laget her 2 1. pr., 1 3. pr., 1 4. pr. 1 7. pr. og 1 10. pr. Nansen vann andre gonga Hodalstafetten og dermed pokalen til odel og eige. I Dalrennet var det 25 mann med dette året.

Det ser ut som friidrotten har spakna litt innen laget; men fotballen ruller så mykje livligere. Laget har hatt 6 kretskamper, tapt 4 og vunne 2.



I 1938 gjekk Annar Ryen på arbeidsskule og hadde lite høve til trening. Og plaseringene vart av den grunn mindre gode. «Det mest glederike ved sesongen er dog», skriv formannen i årsmeldinga, «at vi har fått en kombinert løper, ikke bare av nasjonal men også internasjonal klasse, idet Ola Normann Bakken av skiforbundet ble uttatt til å forsvare de norske farger under verdensmesterskapet på ski i Lahti, hvilket han greide med glans, idet han erobret 8. pr. i kombinert, tiltross for at han ble bortdømt i hoppet». Ola Normann Bakken var stilhopper av dei fremste. Dertil var han serleg kvass i langrennet og. Han kunne i mange år ha vore millom dei fremste her om han hadde hatt høve til å ofre seg for treninga. Men ein fjellbonde har så mange andre dagsviktuge livsgjeremål å taka vare på, og trening blir det lite tid til. Dette samme gjeld også Annar Ryen o. m. a. Ola Norm. Bakken var med i Norgesmesterskapsrenna i Mo i Rana og fekk der 13 pr. i komb.

Løpere frå Nansen tok dette året i utenbygds renn: I Hodalen 17 km 1 2. pr. Landsrenn i Tolga 1 2. pr., 1 3. pr. og Dame-

nes pokal. 1 1. pr., 4. pr., 1 5. pr. og 1 7. pr. i hopp. I kretsrenn på Føros 1 3. pr. i komb. 2 2. pr., 1 4. pr., 1 5. pr. og 1 8. pr. i hopp. I Gråkallrennet 1 10. pr. i hopp. Konkurranserenn på Tynset 1 1. pr og 1 3. premie.

Lagets beste 3-mannslag i hopp Leiv Smedås, Ola Østgård og Sverre Bakken tok Nonsåspokal. I høve av lagets 40 års jubileum skulle laget ha eit renn frå Osholmen i Setersjøen til Gladheim, men da det sette inn med eit forferdeleg uvær vart det i stelle eit stutt renn ved Gladheim. 4 gubber som var med for 40 år sia på rennet frå Osholmen til Gladheim var med her. Det var Simen P. Grue, Oliver Nordvang, Per P. Grue og Per M. Nordvang. Dei fekk kvar sitt minnestaup.

Laget hadde dette året skipa til kretsmesterskap i enkelttevelingar for yngre, kun Alvdal møtte. Gutane i Nansen fekk i dette stemnet 2 gullmedaljer og 3 sølvmedaljer i tevling med alvdølene. Det var bra.

I 1939 var Annar Ryen og Ola Normann Bakken med i Norgesmesterskapsrenna i Kristiansand Her fekk Annar Ryen 2. pr. i 30 km, 8. pr. i 17 km. Ola Normann



Bakken fekk 22. pr. i 17 km. I 50 km i Trysil fekk Annar Ryen 6. pr. og 43. pr. i 17 km i Holmenkollen.

Og så tok Ola Normann Bakken kongepokalen i landsrennet på Lørenskogen. Det er første kongepokal som ein gut frå Nansen har vunne i tevling på ski. Me fær vona, det må koma fleire. Men dei heng høgt, så det gjeld om å spenne i med evner og krefter så langt ein kan. Men takk skal 'n Ola ha for denne skibragden. Det var og til stor ære for laget. Ola Normann Bakken tok og 13. pr. i spesielt hopp i Stormyrrennet, 11. pr. komb. i Holmenkollen og 40. pr. 17 km i Holmenkollen.

I renn innen kretsen fekk laget i Hodalen 1 1. pr. og 1 4. pr. I kretsrenn på Os 1 2. pr. komb. og 1 5. pr. i hopp. I landsrenn på Tynset 1 5. pr. 30 km, 1 4. pr. 17 km langrenn og 1 8. pr. hopp. I distriktsrenn i Øvre Rendal 1 3. pr. i hopp. Kretsrenn i Tyllidal 1 3. pr. hopp. I det tradisjonelle Dalrennet var 37 løpere med. Lagets vandrepr. i langrenn fekk Arnfinn Gjeltten første gong. I spesielt hopp første gong Inge Smedås og i Dalrennet Annar Ryen første gonga. Og fotballen

har i 6 serietevlingar trilla med siger åt laget i 5 av kampane og 1 uavgjort.

Lagets formann i 1940, Agnar Østgård, byrjar årsmeldinga si slik som eg tek med ordrett, avdi det er så sant og godt sagt og målber dei tunge, såre tankane som all vaken norsk idrottsungdom kvar med seg tenkte i desse tunge tidene:

«Idr.laget «Nansen»s årsberetning 1940 ser med dette dagens lys i en beveget og skiftende tid for land og folk. Hva vi har gjennomgått dette året, som nasjon sett, er det unødig å komme inn på. Hva vår ungdom, serleg idrettsungdom, har fått føle av livets bitre alvor, har i grunnen heltegloriens nimbus over seg. Tross savn, nød og dødens nære naboskap har den dog bak natt og mørke — innerst inne — fått føle en brann av morgendemringens sol over Norge. Det er en beundringsverdig kjennsgjerning å støtte seg til, om tyngre tider skulle eller måtte komme.

Det er ganske naturleg, at denne beretning også vil ha preg av det som er foregått. Vi som er ansvarlig for lagets ledelse i en tung tid vil uten skam bekjenne, at dette året for idrettslaget ik-



Bakken fekk 22. pr. i 17 km. I 50 km i Trysil fekk Annar Ryen 6. pr. og 43. pr. i 17 km i Holmenkollen.

Og så tok Ola Normann Bakken kongepokalen i landsrennet på Lørenskogen. Det er første kongepokal som ein gut frå Nansen har vunne i tevling på ski. Me fær vona, det må koma fleire. Men dei heng høgt, så det gjeld om å spenne i med evner og krefter så langt ein kan. Men takk skal 'n Ola ha for denne skibragden. Det var og til stor ære for laget. Ola Normann Bakken tok og 13. pr. i spesielt hopp i Stormyrrennet, 11. pr. komb. i Holmenkollen og 40. pr. 17 km i Holmenkollen.

I renn innen kretsen fekk laget i Hodalen 1 1. pr. og 1 4. pr. I kretsrenn på Os 1 2. pr. komb. og 1 5. pr. i hopp. I landsrenn på Tynset 1 5. pr. 30 km, 1 4. pr. 17 km langrenn og 1 8. pr. hopp. I distriktsrenn i Øvre Rendal 1 3. pr. i hopp. Kretsrenn i Tyllidal 1 3. pr. hopp. I det tradisjonelle Dalrennet var 37 løpere med. Lagets vandrepr. i langrenn fekk Arnfinn Gjelten første gong. I spesielt hopp første gong Inge Smedås og i Dalrennet Annar Ryen første gonga. Og fotballen

har i 6 serietevlingar trilla med siger åt laget i 5 av kampane og 1 uavgjort.

Lagets formann i 1940, Agnar Østgård, byrjar årsmeldinga si slik som eg tek med ordrett, avdi det er så sant og godt sagt og målber dei tunge, sære tankane som all vaken norsk idrottsungdom kvar med seg tenkte i desse tunge tidene:

«Idr.laget «Nansen»s årsberetning 1940 ser med dette dagens lys i en beveget og skiftende tid for land og folk. Hva vi har gjennomgått dette året, som nasjon sett, er det unødige å komme inn på. Hva vår ungdom, serleg idrettsungdom, har fått føle av livets bitre alvor, har i grunnen heltegloriens nimbus over seg. Tross savn, nød og dødens nære naboskap har den dog bak natt og mørke — innerst inne — fått føle en brann av morgendemringens sol over Norge. Det er en beundringsverdig kjennsgjerning å støtte seg til, om tyngre tider skulle eller måtte komme.

Det er ganske naturleg, at denne beretning også vil ha preg av det som er foregått. Vi som er ansvarlig for lagets ledelse i en tung tid vil uten skam bekjenne, at dette året for idrettslaget ik-



ke ble hva vi en gang håpet og trodde. Dere som i dag skal og har plikt til å opptre som kritiske dommere vet dette like så vel som vi og har plikt til å ta standpunkt til alt som har skjedd.

Jeg, på min side, vil bare før jeg går over til selve beretningen si, at om laget har hatt nevneverdig kurs framover, så har vi gått usvekket ut av krigens første og forhåpentlig siste fase. Kampens stål er lagt ned, men viljestålet lyser framleis stadig blankere hos vår idrettsungdom. Vi må i all rettferdighets navn ha lov til å tro, at året 1940 ikke vil komme igjen, men at bedre kår vil vise seg i horisonten. Vi sier med Bjørnson: «Her er ventetider, inntil det omsider rødmer i luften av lyse drag, — det er handlingens dag».

Dei tunge åra lærde oss allvisst det store verd ein sterk og frisk nasjonalbevisst idrottsungdom har å seie for eit lands fridom. Og dei som styrer har set dette, og dei må heretter gå fullt inn for å skape romslegare kår for den norske idrotten i bygd og i by. Norsk idrottsungdom har krav på hjelp og stønad frå dei som styrer landet i sitt arbeid med å skape ei «sunn sjel i ein

sunn kropp». Ein stålring av helsesterk ungdom.

Laget fekk dette året ved Ola Normann Bakken det første nappet i Østlendingens pokal. I kretsrennet på Tynset fekk laget ved dei to før nemnde samt Leiv Ramlo også eit napp i dr. Ridderseths pokal. I renn i Hodalen fekk Ola Normann Bakken 5. pr. i langrenn kl. A, Asbjørn Grue 1. pr. i langrenn kl. B og Einar Nygjelten 3. pr. i samme kl.

I kretsmesterskapet i Alvdal vart Ola Normann Bakken kretsmeister i komb. Einar Nygjelten fekk 2. pr. i kl. B. Asbjørn Grue fekk 4. pr. i langrenn kl. B. Inge Smedås 1. pr. i hopp, Johan Bakken 7. pr. og Sverre Bakken 4. pr. i hopp. I kretshopprenn på Tolga fekk Inge Smedås 1 4. pr. i hopp. I kretsrenn på Tynset fekk Ola Normann Bakken 1. pr. i komb. I landsrenn på Røros fekk Ola Normann Bakken 1. pr. og Damenes pokal. Asbjørn Grue 5. pr. i langrenn kl. B og Sverre Bakken 4. pr. i hopp. Dette året tok Ola Normann Bakken 3. pr. i Norgesmesterskapet i komb. Det var da ikkje så mykje som vanta på, at det kunne ha vorte ein ny kongepokal. Dertil hadde laget det årlege Dalrenn og tev-



linga om Aslipokalen, som B. M. Fagerli, Oslo hadde sett opp.

Fotballen har rulla kvikt også dette året med både siger og tap.

1941 var det stille med skitevlingane. Nansen, Nor og Vingelen skipa til ei tevling i hopp om ein pokal. Tri renn med eit renn i kvart lag. Nansen vann pokalen med 2133,7 poeng. Nor 2085.3 og Vingelen 2082.2 poeng.

I årsrennet som laget hadde, fekk Ola Normann Bakken 1. pr. komb. Inge Smedås 1. pr. kl. 1 hopp. Ingar Smedås 1. pr. kl. 2 hopp. Asbjørn Grue 1. pr. kl. 1 langrenn og Alfred Brynhildsvoll 1. pr. kl. 2 langrenn.

Så gjer vi eit hopp fram til året 1946.

Økonomisk har laget hatt mange vansker å stri med. Ymse tiltak kunne for ei tid ha gjeve litt mynt i kassa, men det har muna så lite. Og når laget så skulle ha prøvd å hjelpa dei som var uttekne til å stri for lagets ære utetter med ei lita pengehjelp, så kunne kassa bli botnskrappt att og i alle høve vart den hjelpa til reiseutlegg som gutane våre kunne få frå laget i snaueste laget. Møteboka fortel, at «Nansen» dette året frå Osklubben i Oslo fekk sendt ei pengegåve på 222 kroner

som skal brukes til fremjing av idrotten i bygda. Laget var mykje takksam for denne gode hjelpa og sende Osklubben eit takkeskriv.

Laget hadde dette året kretsmeesterskap i komb. serskilt langrenn og hopp. Ingen frå laget vart kretsmester. Av løpere frå laget fekk i serskilt langrenn Magne Nordvang 8. pr. Komb. Ola Normann Bakken 4. pr. og Johan Bakken 5. pr. I hopp jun. Olav Myrtrøen 5. pr. Senior: Ola Normann Bakken 2. pr., Olav Gjelten 5., Leif Ramlo 7., Johan Bakken 10. og Ola Østgård 17. pr. I kretsrenn på Tynset fekk Olav Gjelten og Inge Smedås 5. pr. i hopp i kvar si klasse. I Foll-dal fekk Olav Gjelten 2. pr., Inge Smedås 3. pr. og Olav Myrtrøen 6. pr. i hopp. I konkurranserenn på Tolga fekk Magne Nordvang 1. pr. i 30 km, Johan Bakken 2. pr. og Jon Smedåsgjelten 3. pr. i hopp. I landsrenn på Røros fekk i langrenn Annar Ryen 5. pr. Embret Myrtrøen 13. pr. Alfred Brynhildsvoll 15. pr. og Jostein Smedåsgjelten 23. pr. I hopp fekk Magne Smedås 4. pr. og Ingar Smedås 6. pr. Kretsmesterskap junior i Alvdal fekk Leidulf Bratås 5. pr. i langrenn og Bjørn



Nygård 6. pr. i hopp. Kretsmeesterskap i Ytre Rendal Inge Smedås 1. pr. i hopp. I Øvre Rendal Inge Smedås 3. pr. i hopp. I Gränsspelen i Funäsdalen fekk Johan Bakken 6. pr., Ola Norm. Bakken 7. og Leif Ramlo 9. pr.

I renn ellers i landet tok Magne Nordvang 3. pr. i Liuls 30 km i Oslo og 2. pr. i Brumundals 30 km. Ingar Smedås var med på fleire hopprenn og tok 4. pr. i Ullernbakken. 9. pr. i Raufoss, 4., 5., 6. og 14. pr. i Midtstubakken og 11. pr. i Skuibakken.

I årsrennet til laget fekk i langrenn kl. A Ola Norm. Bakken 1. pr. og Johan Bakken 2. pr. Junior, Leidulf Bratås 1. pr. og turklassen. Halstein Nordvang 1. pr. I komb. tok Ola Normann Bakken Åslipokalen til odel og eige. I hopp fekk Johan Bakken 1. pr. og Magne Smedås 2. pr. Junior Alf Kåsen 1. pr. og Asbj. Ryen 2. pr. og Arne Østgårds-gjelten 3. pr.

Laget har gjennom mange av dei siste åra drive med gymnastikk med lærer Ola Stengel som instruktør. Denne har nok vore til god hjelp for dei som har vore med og har vore tenkt som eit ledd det og i skitreninga.

Formannen i laget, Ola Norm.

Bakken sluttar årsmeldinga si slik: «Så håper vi at laget må arbeide seg opp og fram etter disse stille år. Vi stoler på ungdommen og dens virketrang, den kan ikke sitte i ro når snøen glitrer og sola skinner, langt mindre sommerstida med frisk fjelluft i lungen, og solgangen speilende i øyet. Nei, da kan ikke ukens arbeid kue virketrangen og pågangsmotet. La da overskuddet av livsmotet få avløp på idrettsplassen og i skibakken. Med en slik ungdom vet vi, at «Nansen»s motto må bli: «Stadig høgre opp og lengre fram».

Det er sant, godt og djervt sagt. Slik må idrottsmannens syn, tanke og tale vera. Når sjela er sunn og kroppen frisk og sterk, vil ungdommen alltid streva etter å koma høgre opp og lengre fram.

Med året 1947 tok laget til å førebu seg for jubileumsåret. På møte den 26 januar valde det ei mannsterk nemnd som skulle stå for dette. Likeså vart det vald ei nemnd som skulle skipe til ein basar i påskehelga for å få litt pengar i lagskassa. Basaren som vart halde-til fastsett tid ga eit pent overskott åt laget. Samstundes gjorde møtet vedtak om,



at styret for laget skulle søke om å få eit landsrenn (med kongepokal) i 1948 i samhøve med laget 50 års jubileum. Likeså gjorde samme møte også veiltak om å lyse ut til tevling om eit «Dalrennmerke». Dette i samhøve med det tradisjonelle turrennet som laget kvart år hadde hatt frå Vangrøftdalen og til bygda.

Laget skipa også dette året ei kvinne-håndballgruppe innan laget og valde styre for denne med Ingebjørg Ramlo som formann og Kari Nordvang som kasserar, og med Anna Kvangraven og Kjellfrid Grue som andre styre-medlemmer.

Vinteren 1947 vart ein av dei snøfattigste vintrar vi har hatt på lange tider, og det vart seint før laget kunne koma til med litt skikkeleg skitrening.

På eit distriktsrenn i Y. Rendal fekk Olav Gjelten ei 1. premie i hopp kl. B og Magne Smedås ei 3. pr. i hopp junior.

I kretsm.skapsrenn på Os fekk Magne Nordvang ei 2. og 3. pr. i 30 km og 17 km og i 10 km jun. Leidulf Bratås 2. pr., Kåre Ytterhaug 7. og Egil Kroken 12. pr. I hopp kl. A Ingar Smedås 6. pr. Kl. B Olav Gjelten 4. pr. Kl. C

Kåre Gjelten 2. pr. Kl. D Ola Norm. Bakken 1. pr. Kl. junior Magne Smedås 1. pr., Olav Myrtrøen 2. pr. og Ola Brynhildsvoll 13. pr. Dei tri siste tok også pokalen for beste trimannslag i hopp junior.

På distriktsrennet i Øvre Rendal fekk Ingar Smedås 1. pr. i hopp kl. B og Magne Smedås 3. pr. i hopp junior.

På distriktsrennet på Røros fekk Ingar Smedås 2. pr. og Olav Gjelten 13. pr. i hopp kl. B. Magne Smedås 3. pr. i hopp junior. Leidulf Bratås fekk pr. i 10 km langrenn. Den siste fekk også pr. i kretsmesterskapsrenn for juniorer i Vingelen 10 km.

I Gråkallrennet fekk Ingar Smedås 14. pr. i hopp kl. A og Magne Smedås 8. pr. i hopp kl. junior.

I Grenserennet i Alvdal fekk Magne Smedås 1. pr. og Ingar M. Nordvang 3. pr. i kl. junior.

I Berserenet fekk Karstein Johaug 3. pr. i turklassen. — I Gruvrennet fekk Magne Nordvang 2. pr. i kl. A og Karstein Johaug 2. pr. i turklassen.

I årsrennet for gutane i «Åsløkka» vart desse vinnarar av 1. pr. i kvar sine klasser: Per Aa. Grue, Moen i kl. 1, Sigurd Myr-



trøen i kl. 2, Inge Jostein Ytterhaug i kl. 3 og Reidar Søtvik i kl. 4. Inge Jostein Ytterhaug fekk vandrepokalen for beste hoppar. Ved Gränsspelen i Funäsdalen fekk Magne Nordvang 15. pr. i sp. langrenn kl. A.

I årsrennet for dei andre i laget fekk Embret Myrtrøen 1. pr. i langrenn, Olav Gjelten 1. pr. senior i hopp og Magne Smedås 1. pr. hopp junior. I utforrenn for gjentene fekk Eldbjørg Grue Moen 1. pr.

I Dalrennet fekk Per E. Ryen 1. pr. i kl. jun. 15—18 år, Leidulf Bratås 1. pr. i kl. jun. 18—19 år, Magne Nordvang 1. pr. kl. A og Ingvar Myrtrøen 1. pr. i kl. B. Den siste med dagens beste tid.

Lagets fotballgruppe har synt aukande interesse for denne greina av idrotten. Friidrotten har lege meir nede. Det er ikkje så greit i fjellbygda. Det arbeidskrevande dagleglivet krev først si tid, og det kan i bland bli vand nok for ungguten å få sleppa til med idrottsøvingar. Dinest kan det vera at skorten på gode idrotts plassar gjer idrottsarbeidet tyngre. Men — trass alt —

kan ein trygt seie, at idrottslaget «Nansen» gjenom sine 50 arbeidsår har styrkt det fysiske kulturlivet i bygda i høg grad. Somme av laget medlemmer har gjenom skitevlingane vunne både sølv og ære og har gjort laget og bygda kjend. Eg tenkjer her serleg på Annar Ryen med sine mange sigrar i langrenn og av dei aller mest storbragden hans i Finland i 1936 da han tok 1. pr. i 50 km-rennet i Lahtis som den einaste nordmann som i tevling på finsk skiterreng hittil har greid dette. Den vesle fjellguten Annar vart verdskjend med dette. Eg vågar, at dette stimulerer han ikkje så lite, der han no strevar med jorddyrking på nybrottsbruket sitt nord i Vangrøftdalen.

Ola Normann Bakken har også ei gild trofe i premiesamlinga si: — ein kongepokal, vunnen i komb. skirenn — vel den finaste og mest krevande greina av skisport. Han var den fødte stilhopparen men også ein sers kvass kar i langrennet.

Mange av dei yngre Nansenkarane held seg og godt fram på — serleg i skibakken.





Det nåværende styre i «Nansen».



Ola Normann Bælken med sin premiesamling.







ARBEIDETS RETTS TRYKKERI